

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Park Hotell Vossevangen, Voss
Dato: 06.12.2021
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Nesbø	Medlem	Vik kommune

Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marta Sofie Vange	Stig Nesbø	Vik kommune

Merknader

Sigbjørn Hauge deltok på møtet digitalt via Teams.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	verneområdeforvaltar/sekretær
Jorunn Ospedal Vallestad	verneområdeforvaltar/sekretær

Andre:

Nils Kvamme	Prosjektleiar-skjøtselsarbeid
-------------	-------------------------------

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Møteboka er elektronisk godkjent.

Sigbjørn Hauge

Liv-Anne Aanesen

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 20/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 22/21	Orienteringar og referatsaker <ul style="list-style-type: none">- Evalueringsrapport skjøtselsarbeid på stølane – prioriteringsliste for skjøtselsarbeidet- Søknad om naust ved Solrenningsvatnet- Årsrapport frå SNO om arbeidet i 2021- Rapport gjennomførte tiltak 2021		
RS 5/21	Uttale - Stølsheimen verneområdestyre - vilkårsrevisjon - Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget		2021/15133
RS 6/21	Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi		2021/15883
ST 23/21	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og ynskje om SNO-ressursar 2022		2021/16497
ST 24/21	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2022		2021/16553

ST 20/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.12.2021

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 21/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.12.2021

Vedtak

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 22/21 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.12.2021

Handsaming i møte

Nils Kvamme la fram evalueringsrapporten om skjøtselsarbeid på stølane og prioriteringsliste for skjøtselsarbeidet. Det er valt å nytte same poengsetting i prioriteringslista 2021 som i 2011. Dette gav den mest logiske rangeringa av stølane. Skjøtselsarbeidet og evalueringa av arbeidet bør vera stoff til fleire studentoppgåver og vitskapelege studiar rundt stølane og forvaltninga. Vi bør arbeide for å få fleire til å skrive oppgåver om dette. Landskapsøkologi på Høgskulen i Vestland er ein aktuell studiestad å kontakta. Studie av arkeologi kan også vera aktuelt i Stølsheimen.

Styret vil senda rapporten på høyring til medlemmane i rådgjevande utval for uttale. Det er viktig å ha god dialog med grunneigarane om skjøtsel og ivaretaking av stølane.

Forvaltar orienterte om søknaden frå Bergen og Hordaland Turlag om bygging av naust ved Solrenningsvatnet. Styret ynskjer meir informasjon om tiltaket, og meiner det bør gjennomførast synfaring i området før saka vert lagt fram for behandling i styret.

Vedtak

Rapporten Stølsheimen landskapsvernområde – evaluering av skjøtselsarbeid og framlegg til skjøtselstiltak (N. Kvamme og M. Kvamme 2021), vert sendt på høyring til medlemmane i rådgjevande utval.

Referatsakene vart tatt til orientering.

RS 5/21 Uttale - Stølsheimen verneområdestyre - vilkårsrevisjon - Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget

RS 6/21 Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi

ST 23/21 Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og ynskje om SNO-ressursar 2022

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.12.2021

Handsaming i møte

Tiltaksplanen vart drøfta i møtet. På bakgrunn av evalueringsrapporten om skjøtselsarbeid (N.Kvamme og M.Kvamme), vart kr. 10 000 lagt til for skjøtsel på Bjørkestølen, og kr. 10 000 for overvaking av vegetasjonsutviklinga i Åsedalen. Styret la også til kr. 30 000 for istandsetting av stien mellom Finnen og Finnabotnen, og kr. 50 000 til delfinansiering av kai i Finnabotnen.

Tiltaka i planen er sett opp i prioritert rekkjefylgje. Tiltaksplan med tilføyningane som kom fram i møtet vart vedtatt.

Vedtak

Styret vedtek tiltaksplan med tilføyningane som kan fram i møte, og bestilling av personalressursar frå SNO i 2022. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

Tiltaksplan for Stølsheimen 2022

Kort omtale av tiltak	Budsjett	Kven gjennomfører tiltaket?	Prioritering
Framande tresalg			
Planlegging - skjøtselshogst gran Finnafjorden	10 000	Forvaltar	1
Finnen - rydde hogstområde frå tidlegare granrydding, Tåene	20 000	Grunneigar	2
Skjøtsel av kulturlandskap			
Prosjektleiing	10 000	Prosjektleiar	3
Sylvarnesdalen - rydde sprake, slått selbøen	10 000	Grunneigar	4
Smørklepp og Fidnaselbøen - vedlikehaldsskjøtsel	5 000	Prosjektleiar	5
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog, fjerna tistel	10 000	Prosjektleiar	6
Rotteskardet - rydde oppslag av krattskog og sølvbuketuer	5 000	Prosjektleiar	7
Fossesete - slått bregner, rydde oppslag av lauv	5 000	Prosjektleiar	8
Rosete – tistel-hakking	5 000	Prosjektleiar	9
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtelsplan, Botnastølen, Flåten, Granden, skog rundt tunet	30 000	Prosjektleiar	10
Hest - rydde sprake	10 000	Prosjektleiar	11
Ytstestølen	10 000	Prosjektleiar	12
Solrenningane - tueslått	30 000	Prosjektleiar	13
Fagerdalen – tak på murane	10 000	Prosjektleiar	14
Finden, rydde beite ved Vetlestraumen	10 000	Grunneigar	15
Bjørkestølen – rydde krattskog	10 000	Prosjektleiar	16
Åsedalen – overvaking av vegetasjon	10 000	Forvaltar/leverandør	17
Skjøtsel av stølsveggar og stiar			
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	Forvaltar/prosjektleiar	18
Sti til Åshidleren	5 000	Prosjektleiar	19

Sti Finnabotnen - Fagerdalen	20 000	Prosjektleiar	20
Sti Finnen - Finnabotnen	30 000	Prosjektleiar	21
Tilretteleggingstiltak			
Bru til Granden	50 000	Grunneigar/forvaltar	22
Kai i Finnabotnen	50 000	Grunneigar	23
Informasjonstiltak			
Planlegging og infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	Forvaltar/kommunen	24
Design temaskilt 2000 x 5 = 10 000 + kart 5000 x 4 = 20 000	30 000	Forvaltar/leverandør	25
Innkjøp skilt (2 små, 2 treskilt, 4 ekstra skiltplater)	42 000	Forvaltar/leverandør	26
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen) ca 20 000 pr. skilt – 15 stk	300 000	Forvaltar/leverandør	27
SUM	857 000		

Bestilling av SNO-ressursar 2022	Dagsverk
Oppsyn dispensasjonssaker	3
Oppsyn motorferdsel vinter - Vikafjellet	3
Kontroll, byte av verneskilt	2
Tilsyn skjøtselsarbeid i kulturlandskapet	1
Kontroll etter hogst Fossesete	1
Delta på møte med verneområdestyre og RU	3
Oppsett av temaskilt	3
Sum	16

ST 24/21 Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2022

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.12.2021

Handsaming i møte

Styret fastsette 21. februar som fyrst møte i 2022. Når det er enkle saker til handsaming kan møte gjennomførast elektronisk.

Styret vedtok møteplan og driftsbudsjett med dei endringar som kom fram i møte.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2022 for å handsame saker i verneområdestyre og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategien.

Styret kan ta sikte på følgjande årshjul:

21. februar: Møte med fordeling av tiltaksmidlar
Mars: Styremøte
27.- 28.april: Nasjonalparkkonferanse

Juni: Styremøte
Aug. /September Styremøte med overnatting/synfaring. Felles med rådgjevande utval
Nov./Desember: Styremøte/bestillingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlyst/utsettast. Når det er enkle saker til handsaming kan møte gjennomførast elektronisk. Styret vedtek driftsbudsjettet for 2022. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

Driftsutgifter for styret	
Møtegodtgjering	86 199
Reiseutgifter	24 000
Møteutgifter inkl. dialogmøte med RU	65 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	5 000
Sum driftsutgifter	180 199
Utgifter i samband med planarbeid	
Oppstart skjøtselsplan for Finnabotnen og Finnen.	30 000
Berekna kostnadar	210 199